

---

**Fra:** Gry Kjersti Birkeland <grykjersti@icloud.com>  
**Sendt:** 3. juni 2015 09:30  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Hall-Leige

Hei. Me i Mange handball lurer på om det er mogeleg at me kan få litt reduksjon i prisen på hall-leiga for denne våren-15? Me har har pr i dag 15 aktive spelara. Me er i startfasen av handballen i Radøy og me må difor trene to ganger i veka av 1.5 time og me har hatt ein hall-leiga på kring 35-40000 i året. Dette er svært mykje for eit lite lag som oss!! Foreldra betalar inn 1500 kr i året i kontingent så det er ikkje nok til å dekkja inn hall-leiga men me synes ikkje me kan ta meir då dei og må betale lisens på rundt 1000 kr i året og i tillegg kjem utstyr. I år må me ha nye drakter og me har skaffa nokre sponsorar til dette og me har fått 6000 kr frå pengane kommunen fekk for beste barne og ungd.kommune som me vil klare å dekkja draktene nesten inn med. Men me har og måtte kjøpt inn en del utstyr til trening og me har kjøyreutgifter til trener. Me må og betale 5000 kr til Norges håndballforbund for å melde på lag. Det koster og kring 1000 kr for kvar heimekamp i utgifter til dommer. Me fekk dekkja inn forrige rekning for hausten 14 for hall-leiga hjå Manger IL. Men no skal dei til med stort oppussing prosjekt i Grønålen så difor må me høyre med kommunen om me kan få litt reduksjon i leiga for denne våren.

Da er jo litt dumt då at me må betale denne leiga for å drive barne og ungdomsidrett i kommunen!! Her er me kåra til beste barne og ungdomskommune og så kan me ikkje la dei som driv me aldersbestemt idrett i kommunen få slippe store summar i hall-leiga. Da heng jo liksom ikkje saman då.

For Manger handball så kunne me i år også ha starta et yngre lag. Men pga av dei høge leigeinntektene så klarer me faktisk ikkje dette. Så det er jo trist då!!

Mvh Gry Kjersti Birkeland  
Leiar i Manger handball

Sendt fra min iPad